



OPPVEKSTPLAN

KULTUR FOR DANNING

2013 – 2016



Surnadal
kommune

Rådmannen sitt framlegg
til endelige vedtak 31.01.13



INNHALDSLISTERE

1.0 Innleiing.....	4
Bakgrunn	4
2.0 Oppsummering.....	5
3.0 Visjon – "Kultur for danning"	6
4.0 Nokre sentrale begrep.....	6
4.1 Menneskesyn.....	7
4.2 Danning	7
4.3 Samarbeid med heimane	8
4.4. Læringssyn	9
4.5 Godt læringsmiljø.....	12
4.6 Vaksenrollen.....	12
4.7 Relasjonar	13
4.8 Tverrfagleg samarbeid.....	13
4.9 Medverknad	13
4.10 Gode overgangar	14
4.11 Fleirspråklege	14
4.12 Kompetanse.....	15
4.13 Kvalitetssystem og internkontroll.....	15
5.0 Nasjonale og lokale satsingsområde og styringssignal.....	15
6.0 Status	16
Barnehage	16
Grunnskule	17
Vaksenopplæring	18
7.0 Satsingsområde i perioden.....	18
7.1 Gjenomgåande strategiar	19



7.2 Satsingar i planperioden.....	19
8.0 Mål og tiltak	20
8.1 Befolkningsutvikling og kompetanse.....	20
8.2 Barn og unge sine oppvekstvilkår.....	21
8.3 Næringsutvikling	23
8.4 Folkehelse og levekår.....	24
8.5 Kultur – omdømme - identitet.....	25
8.6 Tettstads- og arealutvikling	26
9.0 Ordforklaringar	27



1.0 Innleiing

Bakgrunn

Denne planen skal vere retningsgivande for arbeidet i barnehagar, grunnskule og vaksenopplæring i perioden 2012-2015 , og skal vere:

- Ei plattform for strategisk politisk styring for oppvekstsektoren i Surnadal kommune.
- Ei plattform for pedagogisk praksis i barnehage og skule.
- Ei plattform for foreldresamarbeid.
- Ei ramme for vekst og læring for barna i barnehagar og grunnskulen i Surnadal kommune.

Målgrupper for planen er: Politikarar, barn, foreldre og tilsette i oppvekstsektoren i barnehagar, skular, SFO og PPT.

Utviklinga av planen har vore gjort av ei partssamansett arbeidsgruppe:

Ingveig Nordvik, einingsleiar/styrar Skei barnehage

Signe Lill Aasland, einingsleiar Midtigrenda

Carina Dørheim / Ann Elin Løfald, styrar Bårdshaugen barnehage

Gro K. Sæter, styrar Stangvik barnehage

Norvald Bondhus/ Arne Landsem, einingsleiar Mo oppvekstsenter

Odd Arild Sande, einingsleiar Øye skule

Berit Moen Larsen / Norvald Bondhus, einingsleiar Surnadal ungdomsskule

Marit Syrstad Stavne, leiar PPT for Surnadal, Rindal og Halsa

Heidi Helgetun, tillitsvald Fagforbundet

Aase Vedul Moen, tillitsvald Utdanningsforbundet

Eilert Mikkelsen, politikar Hovudutval for oppvekst og omsorg/ Margrethe Svinvik, politikar Hovudutval for oppvekst

Torill Helgetun, pedagogisk konsulent

Astrid Mogstad Høivik, kommunalsjef med ansvar for oppvekst

Målet med planen er å gi retning og lage ein strategi for vidare kvalitetsutvikling av barnehagane og skulen i Surnadal kommune.

Surnadal, 31.01.2013

Ingveig Nordvik
Styrar Skei barnehage

Signe Lill Aasland
Einingsleiar Midtigrenda barnehage

Ann Elin Løfald
Styrar Bårdshaugen barnehage

Norvald Bondhus
Einingsleiar Surnadal ungdomsskule

Odd Arild Sande
Einingsleiar Øye skule

Arne Landsem
Einingsleiar Mo oppvekstsenter

Marit Syrstad Stavne
Leiar PPT for Surnadal, Rindal og Halsa

Heidi Helgetun
Tillitsvald Fagforbundet

Aase Vedul Moen
Hovudtillitsvald
Utdanningsforbundet

Gro K. Sæter
Styrar Stangvik barnehage

Margrethe Svinvik
Politikar Hovudutval for oppvekst


Torill Helgetun
Pedagogisk konsulent

Astrid Mogstad Høivik
kommunalsjef



2.0 Oppsummering

Modellen nedanfor prøvar å visualisere føreslårte satsingsområde og organisering av utviklingsarbeidet i oppvektsektoren i den neste planperioden med utgangspunkt i sentrale føringer, lovpålagde oppgåver og lokale føringer og behov.





Desse områda kjem att som forslag til mål og tiltak i denne delen av planen. Ein ser det som viktig å prioritere dei utviklingsområda for er mest sentrale for oss i Surnadal kommune. Det er også viktig at denne planen blir ein levande plan, som blir brukt aktivt av alle deltakarar i oppvekstsektoren. Difor må også handlingsdelen i planen jamnleg bli rullert og oppdatert i takt med endringar nasjonalt og lokalt.

3.0 Visjon – “Kultur for danning”

Visjonen for oppvekstsektoren i Surnadal kommune er å skape ”Kultur for danning”, der barnehagar og skular saman med foreldre og samfunnet elles bidreg til å dyktiggjere barn og unge til å delta og møte eit samfunn i stadig utvikling . Dette handlar mellom anna om ein god kultur for å vere saman, ein god kultur for foreldresamarbeid, kultur for å lytte, lære, formidle og utvikle digital kompetanse, og ein kultur for å dele og gjere kvarandre gode.

“Sluttmålet for opplæringen er å anspore den enkelte til å realisere seg selv på måter som kommer fellesskapet til gode – å fostre til menneskelighet for et samfunn i utvikling (Generell del L97 s. 50).

4.0 Nokre sentrale begrep

Gjennomgåande prinsipp i planen:

- Utjamne sosial ulikskap
- Utvikle ein god delingskultur
- Godt tilpassa barnehagedag / godt tilpassa opplæring
- Arbeide for gode relasjonar
- Utvikle eit godt oppvekst- og læringsmiljø
- Vise rausheit, romsligkeit, respekt
- Utvikle digitalt kompetente menneske




4.1 Menneskesyn

- Alle menneske er unike og likeverdige og skal møtast med respekt.
- Dei har rett til å utvikle seg ut frå eigne evner og føresetnader individuelt og i samarbeid med andre.
- Det er viktig med tidleg sosial og språkleg stimulering, og utviklingsstøtte for god læring og kunnskapstileigning heile livet.
- Bevisstgjorte og tydelege vaksne.

4.2 Danning

St.mld. 41 Kvalitet i barnehagen: "Begrepet oppdragelse er erstattet med danning, som er et videre begrep. Med danning menes det som skjer i barnets samspill med omgivelsene. Danning er en kontinuerlig prosess som forutsetter refleksjon, og som foregår hele livet."

Danning handlar om å utvikle heile mennesket: følelsar, opplevingar, og tenking. Gjennom barnehage- og skuleåra går barnet gjennom ei "danningsreise" der dei lærer å reflektere, å skilje mellom det positive og negative, og reflektere over kven blir du, kven vil du vere?



Gjennom oppveksten blir haldningar og verdiar etablert. Gjennom å vere tydelege vaksne, som set grenser og gir god fagleg oppfølging, utviklar barna "allsidig utvikling av evner og egenart: til å handle moralsk, til å skape og virke, til å arbeide saman og i harmoni med naturen. Opplæringen skal bidra til karakterdannelse som gir den enkelte kraft til å ta hånd om eget liv, forpliktelse overfor samfunnslivet og omsorg for livsmiljøet (Generell del L97, s. 49)".

I St.mld Kultur for læring heiter det at "fagene og arbeidet med dem er møtested mellom grunnleggende ferdigheter og dannelsje".

Formål for barnehagen

Rammeplan for barnehagen legg føringer for arbeidet, og i formålsparagrafen heiter det: § 1. **Formål**

Barnehagen skal i samarbeid og forståelse med hjemmet ivareta barnas behov for omsorg og lek, og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. Barnehagen skal bygge på grunnleggende verdier i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet



og naturen, på åndsfrihet, nestekjærlighet, tilgivelse, likeverd og solidaritet, verdier som kommer til uttrykk i ulike religioner og livssyn og som er forankret i menneskerettighetene.

Barna skal få utfolde skaperglede, undring og utforskertrang. De skal lære å ta vare på seg selv, hverandre og naturen. Barna skal utvikle grunnleggende kunnskaper og ferdigheter. De skal ha rett til medvirkning tilpasset alder og forutsetninger.

Barnehagen skal møte barna med tillit og respekt, og anerkjenne barndommens egenverdi. Den skal bidra til trivel og glede i lek og læring, og være et utfordrende og trygt sted for fellesskap og vennskap. Barnehagen skal fremme demokrati og likestilling og motarbeide alle former for diskriminering.

Dette betyr at barnehagen har eit samfunnsmandat, som er å tilby barn i denne aldersgruppa eit omsorgs- og læringsmiljø som er til barnets beste. Barnehagen skal både vere ei pedagogisk verksemd og eit velferdstilbod for småbarnsforeldre.

Barnehagen skal ta vare på enkeltbarnet og heile gruppa, og arbeide for å jamne ut sosial uliksskap. Eit overordna mål er at barnehagane skal gi barn og foreldre i Surnadal eit best mogleg barnehagetilbod med høg kvalitet.

4.3 Samarbeid med heimane

Dette er eit viktig område for barnehagane og skulane å arbeide med. Det er lovfesta rett for elevane i skulane å ha minst 2 elevsamtalar pr. år, og for foreldra å ha minst 2 foreldresamtalar pr. år. I tillegg skal elevane vere sikra medverknad gjennom elevråd, og foreldra gjennom foreldreråd og samarbeidsutval.

I tillegg vil det vere behov for andre formar for samarbeid. Desse vil vi lage eiga handbok for.

Heim- barnehagesamarbeid

"Foreldreansvaret innebærer at foreldrene har et omsorgsansvar for barnet, og at de har bestemmelsesrett på barnets vegne. I den tiden barnet er i barnehagen, tar barnehagen seg av deler av omsorgs- og oppdrageroppgavene. Barnehagen representerer et kompletterende miljø til hjemmet, og må vise forståelse og respekt for ulike familieformer." St.mild nr. 41 Kvalitet i barnehagen

Heim- skulesamarbeid

"Et godt samspill mellom hjem og skole forutsetter at begge partene kommuniserer tydelig slik at skolens og de foresattes forventninger blir avklart og det ikke oppstår misforståelser.

Det er skolens oppgave å gi de foresatte informasjon om skolens mål og planer, slik at de kan være reelle medaktører. Gjensidige forventninger, ansvar og muligheter bør avklares. Det er viktig at dette skjer i dialog.

Dialogen mellom hjem og skole skal foregå på tre nivåer: skole, gruppe og individ." Udir



"Det er foreldrene som har hovedansvaret for barnets oppdragelse" (§ 30 Barneloven).

Det er difor eit mål å arbeide fram gode reiskap for dialog og samhandling med heimane. Dette er forsøkt som eit overordna satsingsområde i planperioden.

4.4. Læringssyn

Kompetanse

Kompetanse kan bli sett som eit samlebegrep for kunnskap, ferdigheter og haldning. For å gi meinung må kompetansebegrepet bli knytt til eit mål eller bruksområde. I opplæringssamanheng er det meiningsfullt å bruke modellen for heilheitleg kompetanse, som består av:

- læringskompetanse, som er kjenneteikna av evne og vilje til kunnskapsfornying
- sosial kompetanse, som er særleg kjenneteikna av samarbeidsevner
- metodekompetanse, der evne til problemløysning og planmessig tenking inngår
- fagkompetanse, som dekkjer det ein oppfattar som kunnskap og ferdigheter i eit fag eller på eit emneområde

Realkompetanse blir brukt om den totale kompetansen ein person har erverva seg. I generell del av L97 blir det skildra eit bredt kunnskaps- og kompetancesyn gjennom dei sju menneskedimensjonane. (Udir)

Taksonomi

Eit begrep som er sentralt i samband med eit auka fokus på vurdering av læringsutbytte, er ulike nivå i kunnskapsbygging. **Blooms taksonomi** er eit klassifiseringssystem for ulike læremål som pedagogar sett for elevane sine, første gong publisert i 1956. I Blooms taksonomi er det bruk seks hierarkisk ordna klasser:

1. Kunnskap - Å kunne gjengi innlært stoff.
2. Forståing - Å kunne samanfatte og gjengi kunnskap med eigne ord.
3. Anvende - Å kunne bruke kunnskap og forståing i konkrete situasjonar.
4. Analyse - Å kunne sjå samanhengar.
5. Syntese - Å kunne trekke eigne slutningar, utleie abstrakte relasjoner.
6. Vurdering - Å kunne bedømme noko ut frå forskjellige kriterie.

Denne måten å vurdere på, ligg til grunn for graden av måloppnåing.

Læringstrapp

Barn utviklar seg på ulike måtar og i ulik takt. Eit grunnleggjande prinsipp i all pedagogikk er at barn og unge må få lære ut eigen evner og behov, og dei vil nå dei ulike måla i læringstrappa til ulik tid og ulik vanskegrad. Det vil ikkje ha noko hensikt å gå vidare i



læringsarbeidet, utan at barnet har godt nok grunnlag til å gå vidare. Nokre forskrarar meiner det optimale meistringsnivået for vidare utvikling ligg på om lag 90% meistring.

Den prosimale utviklingssona

«Pædagogiken må orientere sig mod morgendagen i barnets utvikling og vende sig bort fra gårdsdagen. Først da vil den kunne vække de utviklingsprosesser til live, som ligger i den nærmeste utviklings zone», skriv Vygotsky i boka Tenkning og språk.

Vygotski kallar det området som ligg mellom det eit barn kan klare heilt sjølv, og det barnet ikkje kan greie, sjølv med hjelp, for den proksimale utviklingssona.

Den pedagogiske utfordringa ligg i å utnytte utviklingssona ved å stimulere barnet til å arbeide aktivt saman med andre, og å gi hjelp og støtte på barnet sin veg mot å klare oppgåva på eiga hand. Undervisninga skal leggjast på eit litt høgare nivå enn eleven meistrar. Eleven skal måtte strekkje seg mot progresjonen.

Tett på

For å hindre utvikling av vanskar, er det viktig å vere tett på barna i deira utvikling, og gjennom kartlegging og god vurdering kunne oppdage og setje i verk målretta tiltak for å avhjelpe vanskar og førebyggje vidare negativ utvikling. Dette er eit prinsipp som gjeld uansett alder og vanske.

Tidleg innsats

Det same gjeld tidleg innsats. Dette er eit prinsipp som gjeld uansett alder. Blir vanskar avdekt, skal det setjast inn hjelp og tiltak så tidleg som råd. Tidlegare var ein i større grad innstilt på å vente og sjå om vansken løyste seg. I dag er det ei klar forventning om at barnehagar og skular i samarbeid med PPT skal vere tett på og setje i verk tiltak så tidleg som råd. Dette gjeld også i samarbeid med helsestasjonstenesta og barnevern.

Dette gjer det også viktig med gode rutinar kring overgangar, og det er særleg eit ønskje frå barnehagane om å få vere i dialog med skulane etter ei tid etter overgang til 1.trinn, for å vurdere evt. endringar og forbeteringar i arbeidet med barna i barnehagen.

Læringsutbytte

Ved innføringa av Kunnskapsløftet har ein i Noreg fått ei læreplan som har hovudfokus på læringsutbytte for elevane. Fleire stortingsmeldingar understrekar kor viktig arbeidet i barnehagane er for vidare skulegang og livslang læring. Særleg har det vore peika på god språkutvikling som grunnlag for vidare læring. Vanskår med språk og innhaldsforståing kan gi vanskar som først melder seg på ungdomstrinnet eller på vidaregåande skule.



Tilpassa opplæring – spesialundervisning – tilfredsstillande læringsutbytte

Sentralt i opplæringa er forholdet mellom tilpassa opplæring utan og med spesialundervisning. TPO - modellen prøvar å beskrive kompleksiteten i god tilpassa opplæring, og kva aktorar som har tyding for god tilpassa opplæring.

Tradisjonelt har ein kanskje i barnehage og skule vore svært opptekne av dei nedre faktorane, heimekultur og elevføresetnadane. Desse er dei to faktorane som det er vanskelegast å gjere noko med.


I staden kan ein auke fokus på dei øvre faktorane, og ikkje minst arbeide med skulekultur og lærarføresetnadar, for å utvikle ein lærande organisasjon prega av delingskultur og refleksjon kring eigen praksis.

Forholdet mellom generell tilpassa opplæring og elevar med behov for spesialundervisning, kan denne figuren illustrere. Ved å setje inn tidlege evidensbaserte tiltak, kan ein hindre at for mange elevar får behov for spesialundervisning. Pedagogisk forankring for dette kan ein finne gode døme på i Kultur for læring. "Os skule si pedagogiske forankring for opplæringa:


- Ønsket om å lære er en medfødt indre drivkraft i mennesket
- For å lære må man vite at man er verdsatt
- For å lære må man oppleve mestring
- Hver dag!
- Ulike læringsarenaer"

(Os skole, Østfold, St.mld 30 Kultur for læring s. 61)

Figur 3: Modell for tilpasset opplæring, "TPO-modellen":



Figur 4: Brown-Chidsey og Steege RTI modell:





4.5 Godt læringsmiljø

Grunnlaget for trivsel og læring i barnehage og skule, er eit godt og konfliktfritt miljø. Arbeid med å utvikle god sosial kompetanse hos barna, og tydelege og trygge vaksne er sentralt for å utvikle gode læringsmiljø.

I dei to siste St.mld. Læring og fellesskap og ungdomsskulemeldinga er det særleg sett fokus på god klasseleiing. Dette vil bli følgd opp med kompetanseheving og andre nasjonale tiltak.

I Surnadal har ein allereie mange gode tiltak:

- Rutinar §9A
- Zero – handlingsplanar, metodikk, årleg trivselsundersøking
- Zebra
- MOT
- Webster Stratton / ART
- Sosial læreplan

Det vil likevel vere behov for å oppdatere og vedlikehalde dette arbeidet, og i planperioden er dette området foreslått som eit felles satsingsområde for heile sektoren.

4.6 Voksenrollen

St.mld. 41 : Å vise respekt for barn perspektiv og uttrykkformer, men samtidig utøve voksen autoritet, gi omsorg og beskytte barna når de finner det nødvendig. En slik yrkesrolle må jobbes fram over tid, slik at den etter kvart gjennomsyrer dagligdags samspill.

Forsking viser at det er ein faktor som går igjen i undersøkingar kring kva som gir elevane god læring – den gode lærar. Denne læraren er definert som ein fagleg sterk og engasjert lærar, som byggjer gode relasjonar med elevane og foreldra (NOVA, T. Nordahl). Elevane seier om lærarane at dei ønskjer at dei skal vere : faglig dyktige, strenge, rettferdige og ha humor. Kunnskapsminister Kristin Halvorsen har uttalt at : "Gode lærere kan faget de underviser i og skaper gode relasjoner".

Det er difor svært viktig at våre tilsette i barnehagar og skular er seg bevisst sitt ansvar som rollemodell og som avgjerande for trivselen og læringa til barna.

Vi vil difor ha profesjonelle vaksne, som arbeider saman for eit godt arbeidsmiljø prega av Vi - kultur, er bevisst på sin rolle i samfunnet og klar over barnehagen og skulen sitt samfunnsmandat.

Foreldrerolla er svært viktig for at barna skal trivast og ha ei god utvikling i barnehagen og skulen. Den viktigaste oppgåva er å snakke positivt om barnehage/skule, tilsette og andre



barn. Vi ønskjer også at vi skal hjelpe foreldre med å vere myndiggjorte, som er trygge i rolla som foreldre. Denne rollen må barnehagar og skular støtte foreldra i. Difor er samarbeidet mellom heim og barnehage/skule sentralt i heile planen, og i sentrale føringer for barnehage og skular.

PPT sin rolle er å bidra til heilheit og samanheng for elevar som trenger ekstra tiltak og hjelp, tverrfaglig samarbeid, arbeide førebyggande saman med barnehagar og skular gjennom å vere tettare på, vere meir tilstades, hindre at det oppstår uheldig læringsutvikling, bidra til klasseleiing og skoleleiing. Det er viktig at ein saman med barnehagane og skulane prøvar å setje inn raske tiltak (tidlig innsats), og det er eit mål å vere meir tilstade i læringssituasjonen for å gi råd om raske tiltak utan enkeltvedtak.

4.7 Relasjonar

Gode relasjonar er eit viktig fundament for gode læringsmiljø. Med dette meiner vi gode relasjonar mellom alle partar i barnehage og skule: personale/lærar - barn, barn – barn, barn – foreldre, personale/lærar – foreldre, personale/lærar- personale/lærar. Blir det vanskar i nokre av desse relasjonane, kan dette påverke heile organisasjonen, og stele energi og fokus frå dei viktige oppgåvene.

4.8 Tverrfagleg samarbeid

Barnehagane og skulane skal samarbeide godt med ulike samarbeidspartar. Det er viktig med rolleavklaringar mellom dei ulike instansane, slik at ein unngår dobbeltarbeid og uklare signal til barn og foreldre.

Sentrale samarbeidspartar vil vere: helsesøster, barnevern, BUP/ HAB og Kulturskule. For samarbeidet med PPT, barnevern og helse er det allereie etablert faste samarbeidsmøte 2 g. pr. år.

4.9 Medverknad

Sentralt i barnehagar og skular er brukarmedverknad.

Barns medverknad

I barnehagen fekk begrepet "Barns medverknad" særleg fokus i samband med ny rammeplan hausten 2006. Dette er eit begrep som treng avklaring og drøfting, og det er difor foreslått inn som prioritert område i planperioden. I dag kan ein av og til få inntrykk av at ein har misforstått begrepet noko, og at den vaksne av og til har latt barnet ta over noko av vaksenrolla.



Elevmedverknad

I skulen har elevmedverknad vore sentralt lenge, men fekk ekstra forsterkning i samband med den nye forskrifta om vurdering hausten 2009. Der er det eit krav at elevane skal kjenne kompetanse- og læringsmåla, og vere med å vurdere eige læringsarbeid. Dette begrepet kan det også vere behov for å reflektere og drøfte rundt.

Tidlegare var det ofte kopla mot "ansvar for eiga læring", der eleven kunne få for stort ansvar, medan ein i dag legg størst vekt på deltakingaspektet. I tillegg skal elevane vere sikre medverknad gjennom fagsamtalar, elevsamtalar, elevråd og klasseråd.

Foreldremedverknad

Foreldra sin rolle er viktigare enn nokon gong i barnehage og skule. I tillegg til dei formelle kanalane, ser ein no at det er ein auke i kontakt med foreldra, og at dei ofte ønskjer sterke medverknad.

Formelle arenaer er foreldresamtalar og deltaking i foreldreråd og samarbeidsutval.

Tilsettemedverknad

Det er viktig at barnehagar og skular legg til rette for god tilsettemedverknad. Dette er eit viktig reiskap for kvalitetsutvikling og eit godt arbeidsmiljø. Vi har mange små einingar, men det er likevel viktig at ein sikrar dei formelle samarbeids – og drøftingsarenaene, med faste møte mellom leiar, tillitsvalde og verneombod.

4.10 Gode overgangar

Surnadal kommune har vedteke rutinar for overgangar mellom barnehage, grunnskule og vidaregåande skule. Dette er eit svært viktig område å arbeide med, og i tillegg til dei formelle overgangane, kan det sjå ut til å det også finnes viktige overgangar i barnehagane og skulane, som ein i planperioden bør sjå nærmare på. Dette gjeld t.d. overgang frå småbarns - til storbarnsavdeling, frå 4. til 5. trinn.

For å sikre gode overgangar er det ikkje berre viktig med gode skriftlege rutinar, men også arbeide med å skape gode haldningar til kvarandre, respektere eigenarten og skilnadane og utvikle tillit til kvarandre. For å styrke dette arbeidet, kan t.d. systematisk hospitering på tvers i einingane vere noko å arbeide meir med.

4.11 Fleirspråklege

I 2012 utarbeidde Surnadal kommune ein eigen plan for framandspråklege barn, unge og vaksne. Vi meiner no å oppleve eit aukande tal på innvandring, som gjer det ekstra viktig å



implementere planen og prioritere ressursar til desse tenestene. Det kan også bli behov for å auke kompetansen hos personalet i migrasjonspedagogikk, jf. Plan for arbeid med fleirspråklege barn og unge i Surnadal kommune.

I planen er prinsippet om tidleg innsats og tett på lagt til grunn. Difor er det også lagt stor vekt på at dei yngste barna får ta til i barnehagen så tidleg som råd, for å møte norsk språk.

4.12 Kompetanse

Barnehagane og skulane har gjennom fleire år utarbeidd og gjennomført kompetanseheving. Det er viktig at dei prioritere kompetansehevingstiltaka er knytt til satsings- og utviklingsområda.

4.13 Kvalitetssystem og internkontroll

Det er utarbeidd eit heilheitleg Kvalitetssystem for oppvekstsektoren i Surnadal kommune i eit digitalt program som heiter Risk Manager. Rutinar og prosedyrar vil bli kontinuerleg oppdatert og vidareutvikla der, i tråd med kvalitetsutviklingsarbeidet i denne planen. Dette gjeld områda miljøretta helsevern og fagleg kvalitetsarbeid for barnehage og skule.

<http://66riskmanager - ny>

5.0 Nasjonale og lokale satsingsområde og styringssignal

Nasjonale og kommunale myndigheter kjem ofte med nye satsingsområde, og endrar lovverk. For denne planen har særleg desse vore sentrale:

- "Vi te' sats for framtida" 2007-2010 – Kommunal kvalitetsutvikling for grunnskulen
- St.mld.nr. 31 (2007- 2008) Kvalitet i skolen
- St.mld. nr. 41 (2008 – 2009) Kvalitet i barnehagen
- NOU 2009:18 Rett til læring
- St.mld 19 (2009 – 2010) Tid til læring
- St.mld 18 (2010 -2011) Læring og fellesskap
- St.mld 22 (2010 – 2011) Motivasjon, mestring og muligheter



I botnen ligg Barnehagelova, Rammeplanen for barnehagen, Opplæringslova og Læreplanverket .

Barnehagelova er no foreslått endra, og det vil der truleg kome fleire forslag som også kan få tyding for denne strategien eller enkeltområde i han. Mellom anna at spesialpedagogisk hjelp blir heimla i barnehagelova, og at barnet sin rett til individuell utvikling i eit fellesskap blir styrka.

For grunnskulen sin del er det særleg ungdomsskulemeldinga som gjev nye utfordringar: valfag, Ny Giv, Arbeidslivsfag, utvida timetal, skulebasert utvikling, klasseleiing, lesing, rekning og vurdering.

Felles for barnehage og grunnskulen er arbeidet på det spesialpedagogiske området, der ein saman med PPT skal arbeide for at fleire barn får hjelp innafor det ordinære tilbodet, med iverksetting av evidensbaserte tiltak. Dette vil utfordre alle partar i å arbeide på ein annan måte og at samarbeidet blir endra. PPT får styrka føringa på å tenkje systemisk kring barn med spesifikke vanskar.

6.0 Status

Felles for barnehagane og grunnskulen er at barnetalet har gått kraftig ned dei siste 7- 8 åra. Dette har fått, og vil få større tyding i åra framover. Nokre einingar er i ferd med å bli svært små, og det er krevjande å oppretthalde eit likeverdig og godt tilbod.

Barnehage

Innbyggjarundersøkinga i 2009, brukarundersøkinga i 2010 og omdømmeundersøkinga i 2012 i barnehagane har vist at foreldra og innbyggjarane er svært nøgde med barnehagetilbodet i kommunen. Resultata på alle desse ligg på same nivå eller over landsgjennomsnittet. Det same gjeld medarbeidarundersøkingane i 2010 og 2011.

Likevel ser vi nokre teikn på endringar i forventningane til barnehagane, og eit auka fokus på kvalitet. Lovheimla rett til barnehageplass har ført til at barna startar tidlegare i barnehagen. Dette gir behov for å arbeide meir med å auke kompetansen i personalet på dette området. Tidleg innsats og tett på, med rett tiltak til rett tid er sentralt i dette. Saman med dette ser ein også eit aukande behov og etterspørjing etter foredrerettleiing og grensesetting. Synet på barnet er annleis enn tidlegare, og familiemønsteret er endra mykje. Tverrfagleg arbeid blir endra viktigare for å støtte foreldra i oppveksten til barna.



Dei siste åra har det vorte fleire minoritetsspråklege barn i barnehagane. Dette gjev også behov for kompetanseheving og set nye krav til barnehagane sin kvalitet. Store delar av barndommen er no i barnehagen, og barnehagen som læringsarena for barna er blitt viktigare.

Det er også større krav og forventningar til dokumentasjon av arbeidet i barnehagen.

Sentrale spørsmål vil vere : Kva dokumentasjon har vi? Dokumentasjon for kven, dokumentere kva, dokumentere korleis? Kva skal vi bruke det til?

Sentrale føringar og satsingsområde blir følgd opp med tilsyn frå offentleg etatar.

Fylkesmannen har på barnehageområdet dei siste åra vore oppteken av kommunen si rolle som barnehagemyndighet og barnehageeigar. Etter kvart vil det truleg også kome tilsyn som er sterkare knytt til kvalitetsvurderingar.

Grunnskule

Innbyggjarundersøkinga i 2009, brukarundersøkinga i SFO i 2010 og omdømmeundersøkinga i 2012 viser at foreldra og innbyggjarane er nøgde med skuletilbodet i kommunen. Resultata på alle desse ligg på om lag same nivå som landsgjennomsnittet. Det same gjeld medarbeidarundersøkingane i 2010 og 2011.

På skuleområdet er det mange kartleggingar, som gjev oss informasjon om skulane våre. Det er likevel viktig å bruke desse med varsemd, og å setje desse inn ein større samanheng.

Resultat frå nasjonale prøvar viser at vi også her ligg om lag på landssnittet, der vi har hatt ei svak utvikling mot forbetring i lesing. Elevundersøkingane viser også resultat på landsgjennomsnittet stort sett. Det betyr berre at vi må fortsetje arbeidet med kvalitetsutvikling. Den årlege trivselsundersøkinga viser også at dei aller fleste elevane har det veldig bra i skulane våre, men at det er nokre få elevar som vi må arbeide enda betre kring. Satsing på ein felles plan for arbeid med sosial kompetanse vonar vi kan gjere at vi greier å førebyggje og oppdage desse enda tidlegare.

Dei siste åra har det også vorte fleire minoritetsspråklege barn i skulane. Dette området må vi arbeide meir med i åra framover.

Det er også større krav og forventningar til dokumentasjon også i grunnskulen. Sentrale spørsmål vil vere : Kva dokumentasjon har vi? For kven, kva skal dokumenterast og korleis? Kva skal vi bruke det til?

Sentrale føringar og satsingsområde blir følgd opp med tilsyn frå offentleg etatar.

Fylkesmannen har på grunnskuleområdet vore oppteken av spesialundervisning, kap. 9a. Elevane sitt fysiske og psykososiale læringsmiljø, gruppedeling og lokalt læreplanarbeid.




Også på grunnskuleområdet ser vi at dei no rettar større fokus mot innhaldet i opplæringa, og ikkje berre som lovlegheitskontroll.

Vaksenopplæring

Med aukande tilflytting har vi fått større variasjon i behova for vaksenopplæring. Skuleåret 2011/12 gjev vi både grunnskuleopplæring for vaksne, spesialundervisning for vaksne og framandspråkopplæring i norsk med samfunnskunnskap. Dette er truleg eit område vi må utvikle vidare i planperioden.

7.0 Satsingsområde i perioden





7.1 Gjennomgåande strategiar

Samarbeid heim - barnehage/grunnskule: Eit godt samarbeid mellom heimane og barnehage / skule er grunnleggjande for at barna skal få utvikle seg og ha det bra i barnehagen og i skulen. God likeverdig dialog skal vere grunnlaget for alt arbeidet i barnehagane og skulane, og også vere sentralt for arbeid med alle utviklingsområda i planperioden. Ein av skulane har utarbeidd eit system for dette arbeidet, som det kan vere bra å få delt.

Overgangar frå barnehage til barneskule, barneskule til ungdomsskule, ungdomsskule til vidaregåande skule: Alle overgangar er særleg sårbare periodar for barna og foreldra. I barnehagane og skulane er det viktig å ha fokus på dette, og skape gjensidig tillit til at overgangen blir bra. For enkelte barn vil desse overgangane vere ekstra krevjande, og dei kan også streve i andre overgangar, t.d. frå småbarn til storbarn, mellom trinn . Dette skal også vere eit gjennomgåande fokus i arbeidet med utviklingsområda.

Folkehelse: Plan – og bygningslova set krav om at alt kommunalt planverk skal ha fokus på folkehelse. Dette er ytterlegare forsterka av Folkehelselova. Barnehagar og skular har allereie arbeidd mykje med sunt kosthald og fysisk aktivitet, men dette må framleis vere sentralt i all planlegging.

7.2 Satsingar i planperioden

Læringsmiljø


Barnehagar og grunnskular arbeider allereie med mange tiltak på dette området. Likevel ser vi at det er nokre periodar og problemstillingar som ein må utvikle vidare. Det er difor viktig å få laga ein plan for sosial kompetanse som sikrar meir systematisk arbeid på dette området.

Språk-, lese- og skriveplan

Språk og lesing har vore satsingsområde i førre planperiode, og det vart laga ein plan for dette i 2009. Denne har vore implementert i barnehagar og skular, og bør rullerast i 2012/13.

Tilpassa opplæring / Vurderingsløftet

Dette er eit omfattande satsingsområde både i barnehagane og i skulane. Arbeidet har starta opp, men må fortsetje gjennom planperioden. Eit mål for arbeidet er å få utvikla og ta i bruk kollegabaserte utviklingsstrategiar, og skape lærande organisasjonar, som har evne til å utvikle seg og gjennomføre nye reformer.



IKT - løftet

Ein har i Surnadal vald å prioritere språk og lesing i førre periode. No må ein ta eit tak for arbeid med den digitale kompetanseutviklinga. Saman med IKT Orkidé oppvekst har ein teke i bruk ein felles IKT - plan for utvikling av den digitale kompetansen hos elevane. Det same vil vere aktuelt for barnehagane. På dette området er det også viktig med eit særleg fokus på å auke personalet sin kompetanse.

Rekning

Av dei grunnleggjande ferdighetene, er det rekning ein arbeidd minst med felles. Når ein kan seie at Språk-, lese og skriveplanen er kome i drift, bør vi ta fatt på eit liknande systematisk arbeidd på dette området, for å sikre barna sin kompetanse. Dei nasjonale prøvane og avgangsresultata tilseier at her har vi meir å hente.

Kompetanse

Kwart utviklingsområde må følgjast opp med kompetanseutvikling. Noko kompetanse er spisskompetanse for nokre få, medan ein på andre område må arbeide for å gi kompetanseheving til større grupper eller alle. Dette må vere ein sentral del av kompetanseplanane for barnehagane og skulane.

8.0 Mål og tiltak

8.1 Befolkningsutvikling og kompetanse

Strategiar frå samfunnsplanen:

- Arbeide for at dei som bur og veks opp i kommunen skal oppleve sterkt bulyst, og på den måten utvikle sterkt identitet og lojalitetsband til kommunen.
- Det er viktig å ha gode tilbod om opplæring og kompetanseheving lokalt. Vi må sikre at dei er gode og tilpassa dei som etterspør tilboda. Her vil både vidaregåande skole, folkehøgskolen og studiesenteret vere viktige.
- Arbeide aktivt opp mot eigne ungdomar, både dei som fortsatt går på skole og som har flytta ut, og utvikle dette til ei "slektstavle" for å nå alle utflytta surndalingar.

Mål:

1. Full barnehagedekning
2. Gode barnehagar og skular med høg kvalitet
3. Rekruttere og halde på kompetent arbeidskraft



4. Vidareutvikle og auke kompetansen i personalet målretta i tråd med satsingsområda i perioden

Tiltak:

- 1a) Gjennomføre opptak gjennom heile året
- 1b) Bruke ekstra areal i skulane ved behov for utviding ved oppvekstsentrar
- 1c) Løyve naudsynte ressursar til tilsette ved utviding av barnegrupper i barnehagane ved ekstra behov for barnehageplass
- 2a) Foreldre og barn opplever at barna blir sett, møtt med respekt, forventningar og opplever meistring
- 3a) Utarbeide årleg kompetanseplan og følgje opp denne
- 3b) Delta i Nordmørløftet og samarbeidet i Nettverk Nordmøre
- 3c) Gi tilbod om etter- og vidareutdanning i tråd med strategiar og lokale behov i kvar eining
- 3d) Utvikle Mentorordningar, og rettleie vikarar og andre
- 4a) Legge til rette for at ufaglærte får ta fagbrev
- 4b) Gi tilbod om vidare kompetanseutvikling for alle
- 4c) Vurdere kompetansebehov ved ledige stillingar
- 4d) Arbeide for arbeidsrotasjon ved behov, og gjennom årleg kartlegging av ønske om endring/permisjonar

Vurdering:

Følgje utviklinga gjennom KOSTRA- tal og BASIL (Barnehage statistikk innrapporteringsløysning), brukarundersøkingar, arbeidsmiljøundersøkingar, Trivselsundersøkingar og Elevundersøkinga

8.2 Barn og unge sine oppvekstvilkår

Mål frå samfunnssdelen

Barn og unge skal sikrast eit trygt og godt oppvekstmiljø prega av omsorg, kunnskap og trivsel.

Strategiar frå samfunnssplanen

- For å sikre at dei unge får god skolegang, er det viktig å utvikle vidare eit opplærings- og utdanningstilbod med god kvalitet. Surnadal vidaregåande skole, Nordmøre folkehøgskule og studiesenteret er tre andre viktige utdanningsinstitusjonar som det er viktig at kommunen og næringslivet speler på lag med.
- Arbeide for å innføre heildagsskule og skulemat, for å sikre rett ernæring, nok fysisk aktivitet og meir fagleg utvikling.



- Utarbeide ein langsiktig plan for korleis ein kan auke kompetansen blant eigne tilsette, rekruttere og halde på kvalifisert arbeidskraft.
- Arbeide for å skape gode nettverk mellom heim og barnehage, skole og andre.
- Vidareutvikle arbeidet med "tidleg tverrfagleg innsats", slik at ein i eit tidleg samspel med pårørande og barn kan legge til rette for ein god oppvekst.
- Samordna innsats mot vald, mobbing, kriminalitet, rus og rasisme.
 - samarbeid med politiet og kommunale instansar, frivillige lag- og organisasjonar, og nedfelle rutinar med omsyn til samarbeid.
 - tverrfaglege samarbeidsgrupper
 - foreldrenettverk mot rus
- Sikre lågterskeltilbod til barn/unge med psykiske vanskar.

Mål:

1. Barn og unge skal få møte og delta i ein kultur for danning
2. Sikre gode overgangar
3. Gi barna medverknad etter alder og modning
4. God samhandling med foreldre/føresette
5. Gode oppvekst- og læringsmiljø
6. Barna skal utvikle godt språk, god lese- og skrivekompetanse
7. Utarbeide og implementere ein plan for rekning som grunnleggjande ferdighet i barnehage og skule (Frå 2014 -)
8. God organisering og godt innhald for alle barn i barnehagedagen
9. God tilpassa opplæring med godt læringsutbytte for alle barn i skulen
10. Sikre digitalt kompetente barn og unge som kan møte framtida sine krav
11. Delta i tverrfagleg samarbeid

Tiltak:

- 1a) Skape gode arenaer for danning der barna får reflektere saman med vaksne kring følelsar, opplevingar og tankar
- 2a) Evaluere, vidareutvikle og implementere Surnadal kommune sin plan for overgangar mellom barnehage, grunnskule og vidaregåande skule
- 3a) Utarbeide lokale rutinar og prosedyrar for å sikre barn sin medverknad
- 4a) Utarbeide lokale rutinar og prosedyrar for å sikre foreldre sin medverknad
- 5a) Følgje opp skulebruksplanen 2009-2013
- 5b) Utarbeide ein felles plan for utvikling av godt læringsmiljø og god sosial kompetanse
- 5c) Følgje opp manifest mot mobbing
- 6a) Følgje opp felles kommunal plan for språk-, lese- og skriving 2009-2012
- 6b) Følgje opp kartlegging av åtferd og språk (TRAS)
- 6c) Implementere Plan for fleirspråklege 2011-2014
- 6d) Arbeide med å utvikle biblioteka i barnehagane og skulane i samarbeid med



Folkebiblioteket

- 7a) Sette saman ei arbeidsgruppe på tvers av barnehagar og skular, som saman med PPT skal utarbeide ein plan for rekning som grunnleggjande ferdighet
- 7b) Implementere planen for rekning som grunnleggjande ferdighet
- 8a) Utarbeide rutinar og prosedyrar for å vurdere til ei kvar tid organisering og innhald i barnehagedagen, tilpassa barna sine evner og behov
- 8b) Tidleg innsats for dei yngste barna, og ta i bruk verktøy som t.d. ASQ-SE og tverrfaglege grupper
- 9a) Vidareutvikle og implementere Vurderingsretteliaren for å gi god vurdering tilpassa elevane sine evner og behov
- 9b) Gi betre tilpassa opplæring med læringsutbytte til alle barn i skulen
- 10a) Utarbeide og ta i bruk felles plan for utvikling av digital kompetanse
- 10b) Auke pedagogisk bruk av IKT og LMS for å betre informasjonen og høve til samhandling med heimane
- 11a) Samarbeide med interne og eksterne samarbeidspartar i individsaker og på systemnivå
- 11 b) Samhandle tett med helsestasjon, PPT og barnevern om tidleg innsats og førebygging

Vurdering:

- Årlege brukarundersøkingar og trivselsundersøkingar
- Vurdere resultat av leseprøvar 1., 2. og 3. trinn, nasjonale prøvar 5., 8. og 9. trinn i tråd med måla i "Leseløftet", rekning og engelsk
- Avgangskarakterane 10. trinn
- Følgje utviklinga gjennom Kostratal og GSI (Grunnskulen si statistikkinnssamling)
- Kartlegge aktivitetssauke i LMS
- Årleg tilstandsrapport for grunnskulane

8. 3 Næringsutvikling

Strategiar frå samfunnsplanen

- Auka fokus på entreprenørskap i skolen ved å bli sterkare på elevbedrifter og kontakt mellom skole og næringsliv.
- Arbeide for at både arbeidsgjevarar og arbeidstakarar skal kjenne dei rettar og mulegheiter som finst for betre å legge til rette for arbeidsplassar for personar med ulike funksjonshemminger.

Mål:

Gi rom for å at barna får vere nyfikne og utvikle skapartrongen si



1. Auke talet på pedagogar i barnehagane
2. Ha universelt utforma barnehagar og skulebygg
3. Auke arbeidet med entreprenørskap i skulane

Tiltak:

- 1a) Vurdere kompetansebehov ved utlysing av ledige stillingar
- 1b) Leggje til rette for at assistenter/barne- og ungdomsarbeidarar kan få ta arbeidsplassbasert førskulelærarutdanning
- 2a) Leggje særleg vekt på universell utforming ved pedagogisk tilpassing av bygget på Stangvik barnehage og skule, og Øye skule
- 3a) Innarbeide entreprenørskap som del av handlingsplanen for den kulturelle skulesekken

Vurdering:

- Følgje utviklinga gjennom KOSTRA, BASIL og GSI/Skoleporten
- Vurdere bygga ved Stangvik barnehage og skule, og Øye skule opp mot krava om universell utforming i ny plan- og bygningslov

8.4 Folkehelse og levekår

Mål

Mål frå samfunnsplanen

God helse og gode levekår for innbyggjarar i alle aldrar.

Strategiar

Strategiar frå samfunnsplanen

- Vi må auke forståinga for verdien av fysisk aktivitet, trening og godt kosthald i det helsefremjande arbeidet, ikkje minst blant dei eldre.
- Drive fokehelsearbeid med fokus på psykisk helse, rusførebygging og tobakk.

Mål:

1. Drive folkehelsearbeid med fokus på psykisk og fysisk helse
2. Førebyggje, avdekke og stoppe mobbing
3. Gi eit godt tilbod om fysisk aktivitet



4. Betre kontakten og dialogen mellom heim og barnehage/skule

Tiltak:

- 1a) Bidra til god helse hos barna ved å leggje vekt på fysisk aktivitet og sunt kosthald
- 1b) Innføre skulemåltid som ein del av den pedagogiske tilpassinga av skulebygga
- 1c) Samhandle tett med helsestasjon, PPT og barnevern om tidleg innsats og førebygging t.d førebyggjande team
- 1d) Oppmunstre til deltaking i "De utrolige årene" for foreldre og personale
- 1e) Følgje opp tiltaka i "Rusmiddelførebyggjande handlingsplan"
- 2a) Følgje handlingsplanen mot mobbing Zebra
- 2b) Følgje handlingsplanen mot mobbing Zero og rutinane for kap. 9A i opplæringslova
- 3a) Bidra til god helse hos barna ved å leggje vekt på fysisk aktivitet , og m.a. sikre at alle har gode nærmiljøområde og får nytte Øye stadion
- 4a) Utarbeide felles kommunale rutinar for kontakt mellom heim og barnehage/ skule
- 4b) Etablere felles kommunalt foreldreutval for barnehagar og skular
- 4c) Følgje opp opplæringslova med å gi tilbod om leksehjelp for 1. til 4.trinn

Vurdering:

- Brukarundersøkingar
- Årleg kartlegging av barnemiljøet i barnehagane med Zebra (mobbeførebyggjande program for barnehagane)
- Elevundersøkinga 7. og 10. trinn
- Foreldreundersøkinga kvart 3. år (2011)
- SFO- undersøkinga kvart 3.år (sist 2009)
- Årleg kartlegging av elevmiljøet i 3. til 10.trinn i skulane med Zero (mobbeførebyggjande program for grunnskulen)

8.5 Kultur – omdømme - identitet

Mål

Mål frå samfunnsplanen

Vi skal skape eit raust samfunn prega av mangfold, toleranse, utfordringar og utvikling for den enkelte – og for kvarandre - der kulturlivet skal vere ei drivkraft i formainga av vår identitet og vårt omdøme.



Strategiar frå samfunnsplanen

- Legge til rette for at skular, lag og andre får gode vilkår slik at dei kan skape nærmiljøanlegg o.l. for ein aktiv livsstil for så mange som muleg.
- Kommunen skal legge til rette for at spesielt barn og unge skal få utvikle sine kulturinteresser gjennom mellom anna kulturskulen.
- Surnadal kulturhus skal vere eit regionalt senter for å utvikle og oppleve kultur.

Mål:

1. Styrke individuell og felles identitet i eit raust fellesskap prega av mangfold og toleranse
2. La barna utvikle kulturinteressene sine
3. Vidareutvikle uteområda på barnehagane og grunnskulane

Tiltak:

- 1a) Gjennomføre den årlege barnehagedagen for 5-åringane på Surnadal kulturhus
- 1b) Gjennomføre "Give me 5" – koret årleg for 5.trinn ved skulane
- 1c) Gjennomføre 10.trinns - prosjekt årleg ved Surnadal ungdomsskule
- 2a) Delta i kulturforum og Kulturtorget i Molde kvart år, og utarbeide og gjennomføre vedtekne tiltak i handlingsplanen for Kultursekkjen
- 2b) Innføre gratis tilbod om gratis kulturskuletilbod for 1.- 4.trinn i samarbeid med Indre Nordmøre Kulturskule frå hausten 2013
- 3a) Oppgradere og vedlikehalde jamnleg uteområda på barnehagane og skulane
- 3b) Utvikle uteområda på oppvekstsentrana og skulane ved gjennomføring av Skulebruksplanen

Vurdering:

- Årleg evaluering av handlingsplanen for Kultursekkjen
- Gjennomgang av årleg internkontrollrunde på uteområda

8.6 Tettstads- og arealutvikling

Strategi frå samfunnsplanen

- Bygge nye gang- og sykkelvegar, både som folkehelse-, trafikksikrings- og miljøtiltak.

Mål:

- 1) Leggje til rette for at fleire skuleelevar syklar og går til skulen



Tiltak:

- 1a) Arbeide fram ein ny gang- og sykkelveg til Øye – skuleområde
- 1b) Arbeide aktivt haldningskapande saman med skulehelsetenesta, lag og organisasjoner kring skuleskyss, privatkjøring og fysisk aktivitet opp mot elevar og foreldre/føresette
- 1c) Vurdere å innføre påskjønning for elevane for å vere meir fysisk aktive
- 1d) Vurdere nytt kryss og parkering mellom Øye bru og skulane, for å gi betre trafikksikring ved Øye

Vurdering:

- Vurdere resultat frå KOSTRA
- Vurdere framdrift og gjennomføring av Trafikksikringsplanen for Øye - området

9.0 Ordforklaringar

ART – Aggression replacement Training (Metode for å trene på sosiale ferdigheiter)

ASQ-SE – Ages Stages Questionnaire - Social Emotional (Kartleggingsverktøy av små barn si sosial og emosjonelle utvikling)

BASIL - Barnehage-Statistikk-Innrapporterings-Løsning

GIS- Grunnskulens informasjonssystem

IKT – Informasjons og kommunikasjonsteknologi

Kostra – Kommune og stat registrering – rapportering av bruk av ressursar til ulike tenester

Kultursekk – kulturtildel til barnehagane og skulane, både fylkeskommunale og kommunale/lokale tilbod

Kulturforum - samansett gruppe som tilrår innhaldet frå år til år i Kultursekkplanen

Kulturtorget – årleg arrangement i regi fylkeskulturavdelinga som presenterer aktuelle kulturtildel

LMS – Learning Management System – Digital læringsplattform

Ny Giv – Tiltak for å betre gjennomføringa i vidaregåande skule

PPT – Pedagogisk psykologisk teneste for Surnadal, Rindal og Halsa

SFO – Skulefritidsorganisering

TRAS – Tidleg registrering av språkutvikling, brukt i barnehagane til kartlegging av språkutviklinga til barna

Zebra / Zero – førebyggjande program mot mobbing, Zebra i barnehagane og Zero i skulane

Webster Stratton – De utrolige årene, foredrerettleiing, trening for å redusere uønska adferd